




Preg

barnehager

Sammen om å sette verdifulle spor

Årsplan 2025/26

PREG TOFTØY

	INNHALD i rammeplanen:
1	Velkommen til vår barnehage
2	Rammene for å drive barnehage
3	Kvalitetsutvikling
4	Barnehagen sin pedagogiske plattform
5	Danning, omsorg, lek og læring
6	Barnas medverknad
7	Plan for det kristne innhaldet
8	Tilknyting og relasjonsbygging
9	Progresjon
10	Planlegging, dokumentering og vurdering
11	Samarbeid
12	De utrolige årene og Hjarteskulen
13	Tradisjonar i barnehagen
14	Barnas misjonsprosjekt
15	Kontaktinformasjon

Velkomne til eit nytt barnehageår 2025/2026

1. Velkommen til oss!

I Preg Toftøy ønsker vi å gjere barnehagen til ein god, trygg, utviklande og spennande plass å vera for både barn og vaksne.

Vi vil skape ein god og inspirerende kvardag som er prega av

NESTEKJÆRLEIK-LIKEVERD og MESTRING.

Vi legg vekt på å ha mykje humor og glede i kvardagen vår.

Vi vil heile tida jobbe for å oppretthalde kvalitet i barnehagen. Det vi er gode på tek vi med oss vidare. Vi legg til rette for barna sin medverknad, og gjennom god planlegging og vurdering vil vi stadig fornya oss.

Det er difor og viktig for oss å få tilbakemeldingar frå de som bruker barnehagen vår.

Årsplanen er jobba fram av leiargruppa i barnehagen vår. Vi har hatt årsplanen framme gjennom heile året på ulike samlingar og evaluert arbeidet for å kunne bruke denne planen på ein enda betre måte gjennom det pedagogiske arbeidet. Satsingsområda for dei vaksne og for barna har vi jobba fram saman med heile personal-gruppa.

Vi ønsker med dette eit godt samarbeid,- til det beste for barna.

Barnehagen opnar kl 07:00 og stenger kl 17:00. Kjernetida er frå kl 09:30-14:00. Dersom barnet ditt kjem etter kl 09:30 vil vi ha beskjed om dette, gjerne via KIDPLAN. Respekter stengetida vår kl 17:00.

Med venleg helsing personalet i Preg Toftøy

Om barnehagen- TOFTØY BARNEHAGE

Toftøy barnehage er ein 6 avdelings barnehage som opna i 2013

Vi heldt til i naturskjønne omgjevnader i Toftøy i Øygarden kommune. Barnehagen vår er omkransa av skog, og rett ved sidan ligg både skule og idrettsanlegg.



I barnehagen har vi eige fellesrom som barna kan ha nytte av kvar dag, denne kan vi i tillegg bruke til ulike arrangement saman med foreldra.

Vi har eit stort uteområde med eigen skog som er inngjerd og mange moglegheiter til tur i nærmiljøet.

I vår barnehage skal alle ha ein venn! Dette skal gjennomsyre heile planen vår og vera med å skape dei store linjene i det pedagogiske arbeidet saman med barna.

Preg barnehager AS er ei ideell barnehagekjede som blir drive på vegne av Norsk Luthersk Misjonssamband. Barnehagane har ulik storleik og er spreitt rundt i store delar av Noreg.

Preg barnehager AS er eit ikkje-kommersielt selskap. Eventuelle overskot skal nyttast til å utbedre og styrke medlemsbarnehagane.

Lov om barnehager med forskrifter og Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver bestemmer innhald og rammer for barnehagane våre. I samsvar med barnehageloven § 1a andre ledd, blir barnehagane drivne med eit kristent formål. Visjonsdokumentet vårt og verdiplattformen fortel korleis det kristne formålet skal prege livet i barnehagane våre. Desse dokumenta finn du på vår nettside.

Preg barnehager sin visjon er: "Sammen om å sette verdifulle spor". Verdiane våre er laga med utgangspunkt i Visjonsdokumentet, som er eit felles dokument for alle Preg barnehager. Verdiane våre er: Nestekjærleik – Likeverd – Mestring.

2. Grunnlagsdokument- Rammene for drift

Barnehagen sitt formål og innhald er fastsett gjennom Barnehageloven og Rammeplanen. Desse dokumenta er utgangspunkt for barnehagen sin daglege drift og årsplanen byggjer på desse. Alle barnehagar skal byggje på verdigrunnlaget som er fastsett i Barnehageloven og FNs konvensjon om barnet sine rettar.

Årsplanen inneheld ein oversikt over korleis barnehagane våre skal jobbe det komande året. Den er eit arbeidsdokument for personalet, og skal vise korleis vi arbeider med omsorg, lek, danning og læring. Årsplanen skal også tydeleggjere progresjon og synleggjere korleis vi vurderer det pedagogiske arbeidet vårt.

Tema i periodane gjennom året blir det jobba ulikt med i barnehagane og i barnegruppene, avhengig av alderen til barna og deira modning. Barna vil få nye utfordringar i dei ulike periodane som vil gi utvikling av kunnskap og ferdigheitar.

Årsplanen dannar også utgangspunkt for pedagogiske planar og evaluering av periodane. Vurdering av det pedagogiske arbeid skjer blant anna gjennom bruk av evalueringar i personalgruppa, samtalar med barna, pedagogisk dokumentasjon, diskusjonar av praksis i ulike møter og evalueringar i Samarbeidsutvalet (SU).

3. Kvalitetsutvikling

Preg barnehager sine fokusområde:

Preg barnehager har utvikla ein handlingsplan for kompetanseutvikling, leiing og organisering. Du kan lese meir om fokusområda våre her www.pregbarnehager.no

3.1 Kompetanseutvikling for Preg barnehager

Eit profesjonelt fagfellesskap og gode kompetansetiltak bidrar til betre rekruttering av barnehagelærarar, barne- og ungdomsarbeidarar og andre fagfolk. For å rekruttere nye pedagogar og fagarbeidarar til barnehagane våre, ønsker vi å samarbeide med utdanningsinstitusjonane, ved å ta imot læringar frå vidaregåande skular og studentar til praksis frå høgskulane. Daglege leiarar og andre tilsette i barnehagane blir oppfordra til å oppdatere og vidareutvikle kompetansen sin – både individuelt og kollektivt. Statlig tilskot gjennom kompetanseordningar og tiltak, er eit bidrag for å støtte opp om ansvaret vårt som barnehageeigarar.

Medarbeidarar som får nye utfordringar, som har dugande og engasjerte kollegaer og som får utvikla seg fagleg, blir gjerne verande i stillingane sine over år. Dette styrkjer kvaliteten i Preg barnehager.

3.2 Barnehagen som ein lærande organisasjon

Barnehagen skal vere oppdatert og utviklingsorientert i tråd med forskning og kunnskap om barn, barndom, leik, læring og samfunn. Barnehagen er og skal vere i endring og utvikling. Det krev stadig ny kunnskap og kompetanse for å møte nye krav. For at barnehagen skal lykkast i å vere ein lærande organisasjon, må leiinga i barnehagen vere kunnskapsorientert og sikre at alle medarbeidarar føler eigarskap til det pedagogiske utviklingsarbeidet.

3.3 System for samspelkvalitet

I barnehagen skal alle barna oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelpa og støtte dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggja til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeida for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som også verdset barna sine egne omsorgshandlingar. Rammeplanen kap. 3

Preg barnehagane skal kjennast igjen på eit leike- og læringsmiljø som opplevast som trygt, godt og utviklande.

Vi har derfor valt å støtte oss til eit rammeverk for interaksjon utvikla av Pianta, Hamre og Paro. Grunntanken i dette rammeverket er at barns utvikling og læring skjer i relasjon med andre barn og gode trygge vaksne. Dei har laga eit rammeverk for interaksjon (TTI rammeverket) som systematisk ser på korleis ein kan jobbe godt med relasjonar for å fremje utvikling og læring. (Class).

Gjennom dette teoretiske perspektivet arbeider alle Preg barnehagar for å støtte tilsette i deira arbeid med å skape trygge gode miljø som set verdifulle spor vidare i livet. Class er ein forkortelse for Classroom Assessment Scoring System (CLASS; La Paro, K., Hamre, B.K., & Pianta R.C., 2012).

Dette er eit observasjons- og refleksjonsverktøy som er utvikla for å måle samspillskvaliteten mellom tilsette og barn i barnehagen. Hovudfokuset er på vaksenrolla og på den vaksne sitt ansvar for å legge til rette for og støtte alle barns utvikling av tryggleik, læring og trivsel.

CLASS delast inn i 3 område: **Emosjonell støtte, Organisering av avdeling og Støtte til læring og utvikling.** I Preg barnehagar innfører vi dette til refleksjon, og systemet for kompetanseheving trinnvis, i løpet av ein treårs periode.

3.3 Satsingsområdet for dei tilsette i Toftøy barnehage er

Dei ansatte er involvert i barnas lek på ein slik måte at dei greier å engasjerer barna i leiken.

Skape trygge rammer	Vaksne kan bidra til at barna føler seg trygge i leiken ved å sikre eit godt og inkluderande miljø. Dette kan innebera å sørgje for at alle barn føler seg sette og høyrde, og at leiken skjer utan mobbing eller utestenging.
Vera tilstade og engasjerte	Ved å delta i leiken kan vaksne både støtte barna og bidra til at leiken utviklar seg. Dei kan stille spørsmål, gje forslag og hjelpe barna med å løyse eventuelle konflikhtar. Dette fremjar både samarbeid og kreativitet.
Observere og lære av barna	Vaksne kan aktivt oppmode til rollelek og fantasifull lek, som er viktig for barnas utvikling. Ved å tilby leiker og materiell som stimulerer kreativitet og fantasi, kan vaksne bidra til at barna utviklar sin eigen utforsking og lek.
Skape ein inkluderande kultur	Vaksne kan bidra til at alle barn får vere ein del av leiken, òg dei som kan ha spesielle behov eller som er litt meir tilbakehaldne. Ved å vere oppmerksom på at alle har moglegheit til å delta, fremjar vaksne sosial inkludering.

Samla sett handlar det om å vere til stades, støtte barnas initiativ, og gje rom for både strukturert og ustrukturert lek.

Når vaksne er medvitne på si rolle, kan dei bidra til at leiken blir både meir meningsfull og utviklande for barna.



3.4 Satsingsområdet for barnegruppa

ALLE SKAL HA EIN VENN-psykososialt barnehagemiljø

Noko av det aller viktigaste i eit godt barneliv er å få leike. I vår barnehagen er leiken og vaksne som er tett på og tilstades fundamentalt for å skape ein trygg og positiv læringsarena for barna

Vi ønsker å skape eit barnehagemiljø som er trygt og har ein stimulerande atmosfære der barna kan utvikle seg på fleire områder:

I vår barnehage betyr dette:

- *Alle skal ha nokon å leike med**
- *Alle skal ha ein venn**
- *Gje barna gode opplevingar i leiken**
- *Alle skal bli hørt og sett**
- *Vi skal oppleve mestring, trygghet og nærhet**
- *Alle skal vera inkludert i eit felleskap**
- *Å gå i barnehagen er ei positiv oppleving for barnet, og dette er noko barnet ser fram til.**
- *At barnet opplever barnehagen som ein trygg og god plass**

Slik sikrar vi at alle er inkludert

- *Bruke vennskapstog for å kartlegge**
- *Barnesamtaler**
- *Mindre grupper**
- *Dei vaksne jobbar aktivt for å hjelpe borna med å utvikle sosiale ferdigheiter**
- *Dei vaksne er rollemodellar som er bevisst si rolle som omsorgspersonar**

Sosialutvikling:	Samspel med andre barn og vaksne. Gjennom leik, samarbeid, deling, forståelse for regler og normer og evna til å bygge positive relasjonar.
Emosjonell utvikling:	Utforske og uttrykke egne følelser og hjelpe til med å utvikle emosjonell intelligens og sjølvregulering
Kognitiv utvikling:	Leikbasert læring, språkstimulering, problemløysing iht ståstedanalysen og kreativ utfolding
Trygghet og omsorg:	Lydhøyr til barna sine behov, gje kvar og ein den oppmerksomde dei treng og etablere gode rutinar og strukturer
Foreldreinvolvering:	God kommunikasjon med heimen, inkludere foreldre i barnet sin utvikling og ha respekt for foreldra sine perspektiv og verdiar.

4. Barnehagen sin pedagogiske plattform

4.1 Måla i visjonsdokumentet

“Sammen om å sette verdifulle spor” er visjonen vår. I visjonsdokumentet er disse måla felles for alle:

- I barnehagane våre skal alle få oppleve kjærleik utan vilkår
- I barnehagane våre skal alle vite at dei er skapt av Gud og kjenne at dei er unike og verdifulle
- Med Jesus som førebilete skal vi møte alle med respekt og toleranse

Desse måla skal vi alltid ha for auge i alt arbeid vi gjer i barnehagen

Preg Toftøy bygger si verdiformidling på kristen tru og tradisjon. Verdiformidlinga skjer i kvardagssituasjonar og i pedagogisk tilrettelagte aktivitetar.

Kristen sang og musikk er ein naturleg del av dagen vår, og vi syng kristne bordvers før vi skal ete. Bibelhistorier og kristen litteratur for barn er lett tilgjengeleg på avdelinga.



I løpet av året har vi fokus på ulike bibelhistorier. Barna skal få kunnskap om den kristne trua bla gjennom høgtidene og fortellingar frå Bibelen. Vi vil at barna skal få oppleve at dei er skapt i Guds bilete, at alle er like verdifulle og skal ha dei same moglegheitene i livet!

Det enkelte barn er et unikt, fullverdig menneske som skal møtes med respekt, omsorg og kjærlighet. De skal få hjelp til å utvikle et sunt selvbilde, og oppleve mestring, trygghet og glede. Vi skal lete etter de positive mulighetene i det enkelte barn og fremelske disse. En slik holdning er en viktig forutsetning for lek, læring og utvikling»

-Preg barnehager sitt visjonsdokument

4.2 Synet vårt på barn

Det einiskilde barnet er eit unikt, fullverdig menneske som skal møtast med respekt, omsorg og kjærleik. Dei skal få hjelp til å utvikle eit sunt sjølvbilete, og oppleve tryggleik og glede. Dei tilsette skal leite etter dei positive mogelegheitene i det einiskilde barnet og elske fram desse. Vi vil vere vaksne som alltid har barnet sitt beste for auga. Dette skal ligge til grunn for alle handlingar og avgjersler som gjeld barnet

I Toftøy barnehage betyr dette:

- **Alle barn skal bli HØRT og SETT og ELSKA for den dei er**
- **Vi vaksne må bruke tid til å danne relasjon med alle barna**
- **Vi ser på barnet som ein aktiv deltakar i sitt eige liv**
- **Vi toner oss inn på barnet for å forstå og møte barnet i følelsane sine**
- **Alle barna har rett til å påvirke sine eigne liv**

4.2 Vaksenrollen

Vi skal vere vaksne som byggjer ein positiv relasjon til barna og meistrar balansen mellom å vere varm og tydeleg. Vi skal sjå barnet sitt perspektiv og ha medverknad i fokus. Den vaksne utøver positiv grensesetting ut ifrå barnet sine føresetnader. Dette skal vere prega av varme og respekt for barnet. Det er den vaksne som har ansvaret for relasjonen med barnet, og som alltid skal vere medviten **dei verdifulle spora den vaksne set.**

I vår barnehage betyr dette:

- **Vi viser at vi forstår barnet ved å vera nær**
- **Vi møter barnet med eit åpent og mildt blikk**
- **Alle voksne er bevisst sine handlinger i møte med barnet**

**I vår barnehage ønsker vi å alltid vera
STØRRE, STERKARE, KLOKARE og GOD**

5.Korleis arbeide med omsorg, lek, danning og læring?

Barn skal trivast og ha det godt i barnehagen. I Toftøy barnehage sørgjer vi for at alle barn blir sett og inkludert slik at dei lærer og utviklar seg ut frå egne føresetnader.

“Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, lek, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.» (Rammeplanen)

Omsorg

Tryggleik er utgangspunktet for barna sin trivsel og læring. Derfor kjem omsorg alltid i første rekkje. For å få trygge barn, er vi avhengig av at kompetente og sensitive vaksne gir barna den omsorga dei har behov for.

Personalet i barnehagane våre skal ha fokus på korleis det einskilde barnet har det og leggje til rette for aktivitetar som inkluderer alle barn, der alle barn blir sett og høyrte. På en slik måte set vi verdifulle spor.

I Toftøy barnehage vil vi at:

- Dei vaksne skal skapa gode relasjonar til kvart enkelt barn
- Dei vaksne skal ha eit målretta arbeid med trygghet og tilhørighet.
- Personalet er engasjerte, interesserte og støttende vaksne som er opptatt av barnas beste
- At alle barn skal kjenne at dei er unike
- At alle barna sine grunnleggande behov som mat, søvn, nærleik og kvile vert dekkja



Leik

Leik er den viktigaste aktiviteten for barna si utvikling og læring, samtidig som den er eit mål i seg sjølv. Gjennom leiken utviklar og vidareutviklar barn sosiale, språklege og kroppslege ferdigheiter. Når barna inngår i eit leikefelleskap, drar dei nytte av kvarandre sine styrkar og kunnskapar. I samspill med kvarandre og med dei vaksne blir eit godt miljø for glede, læring og utvikling skapt.

Leikemiljøa i barnehagane våre skal vere inkluderande, allsidige og stimulerande. Dei vaksne skal vere deltakande og støttande i barna sin leik.

I Toftøy barnehage vil vi:

- Lage eit fysisk miljø som innbyr til leik
- Vere gode rollemodellar i leiken
- Vera leikande vaksne som kan veilede og hjelpe barna i leiken
- Barna skal medverke til leikvalg

Danning

I fellesskap med andre utviklar barnet identitet og sjølvstende. Barn samlar erfaringar gjennom kva dei gjer, kva for tilbakemeldingar dei får av andre og kva dei opplever. Dei tilsette skal anerkjenne barna som individ med tankar, følelsar og intensjonar, og støtte barna sine forsøk på å skape meining i den verda dei er ein del av.

I barnehagane våre skal barna få kunnskap som er med på å utruste dei til å ta gode val i livet. Dette er en del av ei livslang læring og ein prosess som handlar om kven ein er og korleis ein er i møte med andre menneske. Vi ønskjer å sette verdifulle spor i barna på en slik måte at dei sjølv føler seg verdifulle og at dei er gode nok som dei er. På den måten kan dei ta med seg sine erfaringar som eit grunnlag å byggje vidare på i livet.

I Toftøy barnehage handlar danning om å

- Vera gode rollemodellar som ser og framhevar det beste i kvart enkelt barn
- Legge til rette for gode opplevingar og samspel saman med andre
- La barna kjenne at dei er ein del av eit større fellesskap der alle vert sett og høyr

Læring

Barnehagen skal gi barn grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle område. Personalet skal støtte barns sin nysgjerrigheit, kreativitet og lysten å veta noe nytt, og gi utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, kunnskapar og ferdigheiter. (Barnehageloven § 2)

Kvardagen i barnehagane våre skal vere prega av utforsking og lek, der barna tileignar seg ny kunnskap og nye ferdigheiter. Barnehagen skal leggje til rette slik at barna får gode mestringsopplevingar innanfor trygge rammer. Vi ønskjer å sette verdifulle spor med tilsette som har god relasjonskompetanse og tid for læring.

I Toftøy barnehage vil vi:

- Skape eit læringsmiljø med rom for undring og refleksjon
- At alle skal få vera med å påvirke og bidra til eit godt læringsmiljø

Ha engasjerte vaksne som får barna til å skinne



6. Barn si medverknad

I Preg barnehager skal barna få mogelegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering. Barn skal få tid og rom til innspel som bidrar til at dei opplever å påverke sin eigen kvardag. I barnehagane våre skal barna kjenne at dei har ei verdifull og viktig stemme inn i eit fellesskap som er trygt og inkluderande for alle. Personalet sitt syn på barnet og sin eigen rolle som vaksen vil ha verknad for korleis barn opplever medverknad i kvardagen.

«Barnehagen skal vise hvordan alle kan lære av hverandre og fremme barnas nysgjerrighet og undring over likheter og forskjeller. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler seg sett og anerkjent for den de er, og synliggjøre den enkeltes plass og verdi i fellesskapet» (Rammeplanen)

I Toftøy barnehage vil vi at barna skal:

- Bli tatt med på råd, planlegging og vurdering.
- Bli møtt av vaksne som er opne for barna sine innspel.
- Ha rett til å utfalde seg sjølv, men samtidig lære å ta del i **fellesskapet**.
- Oppleve at det er vaksne som lyttar, er aktive og viser begeistring for barna
- Vera saman med **autoritative vaksne** dvs kombinasjon av innleving frå VARME VAKSNE OG TYDELEGE GRENSER
- Medvirke til leikvalg

Ved at de vaksne anstrenger seg for å leve seg inn i barnas frustrasjoner, ønsker, behov og utfordringer og viser dem omsorg, vil barna kjenne at de blir møtt og hørt.

Dette danner et godt grunnlag for relasjonsbygging med barnet. Da vil de også være mer mottagelige for tydelige grenser fra aktive vaksne.

Den autoritative voksenstilen kan derfor brukes som et verktøy i all pedagogisk sammenheng.

Eit kjennetegn i denne måten å arbeide på er at relasjonen mellom barnet og den vaksne er en grunnstein for alt annet arbeid.

7. Plan for det kristne innhaldet

Preg barnehager har eit kristent livssynsgrunnlag, som blir utdjupa i verdidokumentet vårt. Det betyr at barna i barnehagane våre får ein barnehagekvardag basert på kristne og humanistiske verdiar. Formål vårt, visjonen vår og verdiane våre er felles for alle barnehagane våre. Dette skal vere grunnlaget for dei val vi gjer, både i kvadagsaktivitetar og i andre planlagde aktivitetar.

Verdiformidling – BIBELFORTELLINGAR

Dette barnehageåret skal barna verte kjent med følgende bibelfortellinger:

AUGUST/SEPTEMBER:	SEPTEMBER/OKTOBER:
Skapelsen og hausttakkefest -Eg er skapt i Guds bilde -Eg er skapt med ulike følelser -Eg er glad for at eg er meg! -Takknemlighet over alt vi har fått	Josef og brødrene hans -Josef brydde seg om brødrene sine, sjølv om dei ikkje var gode mot han -Den gylne regel
NOVEMBER/DESEMBER:	JANUAR/FEBRUAR:
Julehøgtida -Jula er Jesus sin bursdag -Kvifor sendte Gud Jesus til jorda? -Korleis kan me glede andre?	Sakkeus -Alle treng ein venn -Ingen er feilfrie -Det er viktig å gjere opp for seg -Hos Gud får ein alltid starte på nytt
MARS:	APRIL:
Påskehøgtida -Jesus døde og stod opp for å opne ein veg inn til himmelen	Jesus settar 5000 -Vi kan dele med dei som har lite, då vert det nok til alle (Penger, mat, trøst, tid, hjelp) -Nokon treng det eg kan gje -Sjå det store i det lille -Vi kan gje av glede, sjølv når vi har lite
MAI/JUNI:	JUNI:
Kristihimmelfartsdag og pinse -Jesus fôr opp til himmelen -Den heilage Ande er vår hjelpar -Pinse er kyrkja sin bursdag	Dei 10 bud -Det er viktig å ta gode valg -Vi kan gjere godt mot kvarandre -Gud har gjeve oss gode levereglar -Kva reglar ønsker vi å ha i barnehagen?

8. Tilknytning og relasjonsbygging

8.1 Plan for oppstart i barnehagen

«Når barnet begynner i barnehagen for første gang skal barnehagen i samarbeid med foreldrene legge til rette for at barnet får en trygg og god start.» Rammeplanen, kap.6

KORLEIS GJER VI DET?

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehage. Vi skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å verte kjend. Det er viktig for oss å etablere gode relasjonar og at barna får knyte seg til dei vaksne på avdelinga.

Vi skal sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet får oppleve ein tilhørighet og kan føle på at i barnehagen er det både trygt å leike, lære og utforske. Vi vil ivareta foreldra på ein god måte slik at dei kan kjenne på at det er trygt å levere barnet her hjå oss.



STARTSAMTALE

Alle som byrjar i barnehagen får tilbod om ein oppstartsamtale. Der ønsker vi å vita mest mogeleg om barnet sitt liv, slik at vi kan på best mogeleg måte ta vare på barnet i kvardagen.

I utgangspunktet er det satt av 3 dagar til innkjøring. Dette fungerer veldig fint for dei fleste barna. Dersom nokon har behov til fleire dagar vil vi i samarbeid med foreldra finne ei god løysing.

OVERGANG FRÅ AVDELING TIL AVDELING

«Overganger skjer også innad i barnehagen. Personalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barna og personalet når de bytter barnegruppe» Rammeplanen, kap.6

Når barna er ca 3 år gamle bytter dei avdeling frå småbarn til storbarn. Bytte skjer som oftast om hausten. Vi ser på heilheten av alder, modenhet og venskap som avgjer kor dei skal. Barna får gå på besøk på avdelinga dei skal på i god tid før byttet skjer. Vi jobbar aktivt med at byttet skal vera så godt som mogeleg for barnet!

8.2 Overgang barnehage-skule

Å vere eldst i barnehagen er spesielt. Denne tida vert fylt med gode minner og førebuingar på møtet med ein litt annan kvardag.

Vi samarbeidar med skulen i nærmiljøet for å sikra ein mjuk overgang. Vi veit mykje om kva som vert forventa av barna som startar på første trinn, og vi skal bruke det siste barnehageåret til å førebu barna best mogeleg.

KORLEIS GJER VI DET?

Barnehagen tilbyr å ha overgangssamtalar med skulen som barna skal byrje på. For at vi skal kunne gjennomføre desse samtalane må foreldra gje sitt samtykke. Barnehagen avtalar med foreldra kva som skal førast vidare til skulen. Barn med særskilte behov får tilbod om ekstra samtale med skulen i forkant av overgangssamtalene.

HJARTESKULEN er eit førebyggjande program som har som mål å styrke barna si emosjonelle og sosiale kompetanse, samt styrke barna sitt sjølvbilette og oppleving av meistring. På Hjarteskulen får barna øve på å gjenkjenne og forstå følelsar hjå seg sjølv og andre. Barna får muligheit til å utvikle betre ferdigheter i forhold til problemløysing og konflikthandtering. Hos oss får førskulebarna ta del i dette.

Øygarden kommune har ein eigen plan for OVERGANG BARNEHAGE-SKULE som vi er forplikta til å følgje. (LINK til denne på heimesida vår.)



8.3 Eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

Eit godt psykososialt miljø i barnehagen er viktig i det helsefremjande og førebyggjande arbeidet for barn. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og bidra til trivsel og glede i lek og læring. Den skal vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremja demokrati og likestilling, og motarbeida alle former for diskriminering. Personalet skal vera merksame på eigne haldningar og åtferd, både i forhold til åtferd som kan verka krenkjande og ved bruk av makt og tvang.

Personalet skal handtera og følgja opp uønskete situasjonar, *jfr Barnehagelova kap. 8, § 42. Det skal utarbeidast ein skriftleg plan i samsvar med aktivitetsplikta

Mobbing av barn er handlinger fra voksne og/eller barn som hindrer opplevelsen av å høre til, å være en betydningsfull person i fellesskapet og muligheten til medvirkning.

(Lund, Helgeland, Kovac, 2017)

Korleis kan mobbing mellom småbarn sjå ut?

- Slåing, lugging, dytting
- Erting, verte ledd av, kalt dumme ting
- Ødelegger og gøymer ting for kvarandre
- Utestenging av lek

1. **Førebygge**

- a) Lek og vennskap
- b) Mestring og danning
- c) Oversikt over barna
- d) Samarbeid med heimen
- e) Vaksne sitt ansvar, observasjonar, haldningar
- f) Satsningsområdet (s.

2. **Tiltak**

- a) Samtale med barna
- b) Vennskapsveke i januar 2024
- c) Styrke barnet, skal bli kjente med eigne og andre sine kjensler
- d) Foreldresamtale
- e) Samarbeidspartnere
- f) Nussa-leikegrupper

3. **Oppfølging**

- a) Sjå igjennom eigne rutiner og om det er noko ved miljøet i barnehagen som kan endrast på.
- b) Aktivitetsplan

Alle mobbesaker skal meldast til pedagogisk leiar og styrar

Målsetting: Alle barna skal føle seg trygge i barnehagen og verte godt ivaretatt både fysisk og psykisk.

8.4 Inkludering

I Preg barnehager skal alle barn kjenna seg elska og verdsett som viktige deltakarar i fellesskapet. Vi arbeider med mangfald og inkludering som ein heilskapleg del av kvardagen, og målet vårt er at alle barn skal oppleva tryggleik og varetaking. Vi arbeider dagleg for å gi opplevingar som set verdifulle spor.

«Barnehagen skal fremja likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverka alle former for diskriminering og framme nestekjærleik.»
(Rammeplan)



Barnehagen skal vera ein inkluderande arena der barn kan knyta vennskap, trivst, utvikla seg og læra.

Alle barn skal få delta ut frå føresetnadene sine. Vi skal bidra til å styrkja barns identitet, og skapa fellesskap der det er rom for alle

I Toftøy barnehage vil vi at:

*Barna lærer om RESPEKT for ulikheter

*Alle godtek kvarandre for den vi er uavhengig av sosiale lag, hudfarge, meiningar og tru

* Alle barn og familiar vert respektert for den vi er uansett kor vi kjem frå, kor mange som bur i vår familie, kva vi vel som familieform og korleis vi ser ut.

*Eg skal vera god og snill mot alle, slik eg ønsker at andre er snill og god mot meg!

9. Progresjon

Progresjon er ein prosess som ifølgje rammeplanen skal rette seg mot barna sine opplevingar, leik og læring. Det er derfor dei tilsette sin rolle å finne barnet sitt utgangspunkt, og byggje vidare på dette slik at kvart barn får akkurat passe utfordringar, og ein god progresjon. Dei vaksne i barnehagane våre skal sikre progresjon ved å vere til stades og sjå barna i meistringsaugneblink, dokumentere og hjelpe dei til vidare utvikling.

Tilrettelegging i planleggingsfasen er viktig med tanke på gruppeinndeling etter interesse, kunnskapar, ferdigheiter og sjølvstøtt barnet sine egne ønskjer. Barna i barnehagane våre må få ulike utfordringar og dei skal oppleve at dei stadig lærer meir. Vi må finne ein balanse mellom det å oppleve meistring og å kunne strekkje seg etter nye mål. Progresjon skal følgje barnet si utvikling og ikkje ei bestemt aldersgruppe.

SAMMEN OM Å SETTE VERDIFULLE SPOR

**(Eigen progresjonsplan ligg tilgjengeleg på
www.toftoy.barnehage.no)**



10. Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Felles overordna grunnlag

Årsplanen skal gje informasjon om korleis barnehagelova sine føresegner om innhald skal **følgjast opp, dokumenterast og vurderast**. Det skal bli lagt til rette for at barn, foreldre, barnehagen sitt personale og eigarar kan delta i planlegging, dokumentasjon og i vurdering av barnehagen si pedagogiske verksemd.

Behova til barnegruppa og einskildbarnet skal observerast og vurderast fortløpande.

PLANLEGGING: handlar om å leggje til rette for at barna skal trivast, leike, lære og utvikle seg. Vi skal vere fleksibel og ta utgangspunkt i:

- Rammeplanen for barnehagen
- Interesser og behov hos barna
- Observasjonar av barnegruppa
- Barnehagen sin årsplan og lokale planar
- Samarbeid med føresette

Metodar:

- Temaplanar, vekeplanar, dagsrytme
- Pedagogiske mål og aktivitetar
- Tilrettelegging for leik og læring i ulike rom

DOKUMENTASJON: skal synleggjere kva barna opplever, lærer og er opptekne av. Dette er og viktig for å kunne vurdere og justere det pedagogiske arbeidet.

Formål med dokumentasjon:

- Refleksjon over praksis
- Deling med føresette
- Involvering av barna i eiga læring
- Synleggjere det pedagogiske arbeidet i barnehagen

Metodar:

- Bilete, video, observasjonsnotat
- Produkt barna har laga (teikningar, forteljingar)
- Digitale verktøy eller pedagogiske veggjar

VURDERING: refleksjon og analyse av korleis det pedagogiske arbeidet fungerer – med mål om utvikling og forbetring.

Metodar:

- Teamrefleksjonar
- Pedagogiske samtalar
- Evaluering av planar og aktivitetar
- Medverknad frå barn og føresette

11. Samarbeid

12.1 Eigar Preg barnehager

Barnehageeigar har det overordna ansvaret for at barnehagen blir driven i samsvar med gjeldande lover og regelverk, jf. barnehagelova § 7 første ledd.

Preg barnehager og den einskilde barnehage samarbeider systematisk om å gi barna eit barnehagetilbod av god kvalitet. Dette er nedfelt i Preg barnehager sine Fokusområder

11.2 Foreldresamarbeid

Personalet i barnehagen har ansvar for å vere opne, og skape tillit og tryggleik i høve til foreldra. Foreldra i barnehagane våre skal oppleve at dei blir sett og at dei blir tatt på alvor. Gode relasjonar til foreldra, med kommunikasjon som er prega av respekt og varme, er av avgjerande for eit godt foreldresamarbeid.

«Både foreldrene og personalet må forholde seg til at barnehagen har et samfunnsmandat og verdigrunnlag som det er barnehagens ansvar å forvalte.» (Rammeplanen)

Vår målsetning er: Å skape eit gjensidig samarbeid mellom heim og barnehage.

Foreldre og barnehagen sitt personale har **felles ansvar** for barna sin trivsel og utvikling.

Det daglege samarbeidet mellom heim og barnehage må byggje på gjensidighet, openheit og tillit

Eit godt samarbeid mellom heim og barnehage er til barnet sitt beste.

Vi har følgjande arenaer for foreldresamarbeid/foreldremedverknad:

- Bringe –og hentesituasjoner
- Foreldresamtalar
- BTI
- Startsamtale
- Foreldremøter
- Sosiale samankomster (utstillingar, sommarfest, foreldretreff osv)
- Foreldrerådet (alle foreldre)
- FAU, Foreldreutvalget (valgte foreldrerepresentantar)
- Samarbeidsutvalget, SU
- Brukarundersøking annan kvart år.

Barnehagen har som oppgåve å gje barnet omsorg og oppseding i samarbeid med foreldre. Dermed er det enormt viktig at foreldra og dei tilsette i barnehagen snakkar saman, forstår og har tillit til kvarandre

Forventingar til personalet ved levering og henting i barnehagen vår:

- Verte møtt av personalet både ved levering og henting
- Informasjon via KIDPLAN
- Dele informasjon om viktige ting som påverkar kvardagen til barnet

Forventingar til foreldre ved levering og henting i barnehagen vår:

- Gje beskjed dersom noko spesielt har skjedd i nære relasjonar
- Merke klede (ikkje ta med klede/utstyr de er redde for) og ha riktig utstyr
- Komme i barnehagen innan kjernetida og gje beskjed ved fråvær.
- Bruke og gjer seg kjent med KIDPLAN
- Ta kontakt med personalet dersom det er noko!
- Ikkje kommunisere via sosiale medier!

Samarbeidsrutiner-TIL BARNETS BESTE

For at barn og foreldre skal få eit mest mulig helhetlig tilbod til beste for barns oppvekst og utvikling, samarbeider me i barnehagen med andre tenester og institusjonar i kommunen og fylket.

I dette samarbeidet blir bestemmelsene om taushets- og opplysningsplikt i barnehageloven og anna regelverk overholdt.

FORELDREUTVALG og SAMARBEIDSUTVALGET (SU)

I barnehagen er det eit foreldreråd som består av alle foreldre. FAU (foreldrerådets arbeidsutvalg) som består av ein foreldrerepresentant frå kvar avdeling er og ein del av samarbeidsutvalget. SU består i tillegg av styrar, styrarassistenter, to representantar frå personalet og av to frå styret i barnehagen. Leiar og nestleiar i SU er foreldrerepresentantar.

SU er samarbeidsorganet for foreldre, personalet og eigar. SU har eit nært samarbeid med administrasjonen. Su er det organet som godkjenner årsplanen.

VÅRE SAMARBEIDSPARTNERE

- Barnevernstjenesta
- Helsestasjon
- Skular
- Politi
- PPT
- BUP
- Lekeplasskontrollen
- Rentokil



I dette samarbeidet blir bestemmelsene om taushets- og opplysningsplikt i barnehageloven og annet regelverk overholdt.

Barnehagen har etter norsk lov plikt til å melde frå om ting som en observerer som bekymringsfullt. Barnehagen har egen handlingsplan mot mobbing, rus, og seksuelle krenkelser.

De utrolige årene- **DUÅ**

Dette er eit program for å styrkje barn si sosiale, emosjonelle og akademiske kompetanse. DUÅ er og med på å førebyggje ikkje-akseptert adferd hos barn med fokus på kva vi vaksne gjer i møte med barna. Personalet skal etablere ein god relasjon til alle barn som grunnlag for arbeid med proaktive strategiar.

Det tek for seg to prinsipp som vi brukar mykje i kvardagen vår. ROLLEMODELL-prinsippet og OPPMERKSOMHETS-prinsippet.

Alle som jobbar i barnehagen vil få opplæring i DUÅ-programmet

FOR Å BYGGJE GODE OG POSITIVE RELASJONER MED BARN I TOFTØY BARNEHAGE

YNSKJER VI Å HA NOKRE LEVEREGLAR SOM ME VAKSNE VIL STREKKJE OSS ETTER:

1. «Eg helsar på barn når dei kjem i barnehagen med ein personleg helsing og brukar barnet sitt namn»
2. «Eg snakkar roleg og tolmodig til barna med varme, omsorg og respekt»
3. «Eg leiar med barna på måtar som er modellerande, støttande og coachande, eg vil vera ein vaksen som er nært og tilstade for barna»
4. «Eg viser barna at eg trur på at dei skal lukkast og fremmer deira sjølvstende. Eg oppfordrar barna til å hjelpe til med ansvarsoppgåver i barnehagen»

Hjarteprogrammet – EG, DU ,VI

Hjarteprogrammet er utviklet som et verktøy for barnehagen sitt arbeid med sosial kompetanse innen kategoriene EG, DU og VI.

Målet med hjarteprogrammet: Kvart enkelt barn skal oppleve og erfare at dei unike og verdifulle, og at dei har verdi i kraft av å vere seg sjølv og er skapt av Gud. Alle barn i gruppa bidrar på sin måte til å skape fellesskapet som dei er en del av i barnehagen vår.

Hjarteprogrammet er ein viktig del av arbeidet vårt med å sikre barna sin rett til medverknad i vår barnehage. Det er utvikla for å gje barna positive opplevelser som de skal ha med seg resten av livet. Grunnmuren for omsorg, empati, forståelse og toleranse skal forme i barneåra.

Vi skal ha fokus på at kvart barn skal få høyre og oppleve at dei er verdifulle kvar einaste dag.

	Viktige dagar å merke seg
September	*Foreldremøte *Brannvernsveke. *Refleksdag
Oktober	*FN dagen
November	*Juleverkstad vi lagar julegåver, julepynt og bakar til jul.
Desember	*Julefest Velkommen store og små til utandørs julefest i barnehagen. Vi viser fram juleopptrinn som barna har øvd på. Førskulebarna går i Luciatog. Det vert servert graut på avdeling. (husk påmelding slik at me har mat til alle!) *Julevandring i kyrkja Vi reiser til kyrkja og tek del på julevandringa der. (Frå 3 år) *Julevandring i barnehagen for dei minste *Nissefest Det vert grautfest i barnehagen med barna der vi går rundt juletreet og håpar på at nissen kjem innom ein tur. Vi kler oss i raude klær/nissedrakter denne dagen.
Januar	*Vennskapsveker
Februar	*Karneval/Vennskapsfest *Samefolkets nasjonaldag
Mars	*Barnehagedagen *Påskevandring Førskulebarna reiser til Blomvåg kyrkje for å ta del i påskevandringa. *Gullunsj Vi prisar våren og Jesu oppstandelse og lager til fest i barnehagen for barna
April	*UngGlobal skal markerast gjennom heile mars. Vi avsluttar med opendag i barnehagen der alle er velkomne. Då vert det tombola, salg av mat, utstilling og konkurransar. Misjonsland: Peru
Mai	*17. mai fest I forkant har vi RUSKENDAG , der vi ryddar og gjer det fint. *Pinsevandring i kyrkja
Juni	*Sommarfest SU arrangerer fest der barna syng og opptrer. Eigen markering for førskulebarna i Fyrtårnet. *Leir i barnehagen Hjarteskulen skal få sin eigen barnehagedag,- heilt utanom det vanlige
Juli	Sommar i barnehagen. Vi vil då ha nokre planlagte aktiviteter, impulsivitet, glede, turer, mat ute i det fri, vannleik og liknande.
August	Velkommen til eit nytt barnehage år!! Oppstart: sjå skuleruta vår

UngGlobal- barn hjelper barn

I år er det **PERU** som er misjonsland.

UngGlobal handlar om at barna i Norge hjelper barn i andre land. Vi ynskjer at barna skal få innblikk i ein kultur som er svært ulik vår, lære om folket og landet, og kjenne ei medkjensle for dei

som ikkje har det like godt som oss.



Vi vil bruke mars månad til å bli meir kjent med landet. Vi vil lage mat, lære om ein annan kultur, lage utstilling av formingsaktivitetar og synger.

Vi avsluttar med **MISJONSLØP** og **OPEN DAG i barnehagen**

Vi tek i mot gevinstar med stor glede og takk!

KONTAKT oss gjerne:

PREG TOFTØY

Skulebrekka 31, 5337 Rong

ÅPNINGSTID 07:00-17:00

Telefon til oss:

- Daglig leiar: Olaug Rong: 412 85 123
- Styrarassistent Gunn-Helen Elvestad:
959 26 057
- Skattkammeret: 970 39 191
 - Kongebarna: 971 02 654
 - Englebarna: 970 88 690
 - Hjartevarmen: 970 29 971
- Solskinnsbarna: 957 54 134
- Regnbuebarna: 957 50 913

www.toftoybarnehage.no